

Menneskeverd og kunnskap i sentrum



Jæren dps

Vi har sett ord på det vi vil vere og gjere

Jæren dps har vore gjennom ein spennande og lærerik strategiprosess. Vi har spurta oss om kven vi er og korleis vi vil tenke, arbeide og utvikle oss vidare. Om korleis vi vil møte brukarane og deira pårørande, samarbeidspartnarar, kvarandre og samfunnet kring oss.

ProsesSEN har gitt oss ein offensiv strategi, tre kjerneverdiar og ein visjon.

Du las visjonen alt på framsida: «Menneskeverd og kunnskap i sentrum». Desse orda er viktige og riktige for oss. Når du blar om, får du vite meir om visjonen. Og om oss.

Ein visjon å leve opp til

«Menneskeverd og kunnskap i sentrum», seier vi altså. Ei setning og eit forpliktande løfte som vi kvar dag skal ha med oss og som skal føre oss vidare.

Menneskeverdet ligg i botn for alt vi gjer. Det handlar om måten vi møter menneske på og om å forankre alt vi gjer slik at pasientane og samarbeidspartnarane får tenestene dei har rett på etter lova.

Likeeins er kunnskapen vår avgjerande. Vi ønskjer å tilby det beste og gjerne vera i forkant når det gjeld behandling og samarbeid.

Biletet av gjerdekklyveren er forresten meir enn pynt. Vi ønskjer å bidra til at dei vi møter kan forsere hindringar som står i vegen for livskvalitet og god helse.



Foto: Morten Sivertsen

Hovudmålet vårt

«Vi vil yte spesialisthelsetenester til menneske som treng det, slik at dei kan få auka livskvalitet og betre helse. Dette skal vi oppnå gjennom god utgreiing og behandling, utdanning av helsepersonell, forsking samt gjensidig opplæring mellom pasient, pårørande og relevante instansar.»



Foto: Morten Sivertsen

Strategien vår

«Vi skal tenke nytt, vere fagleg oppdaterte og bidra til vidare utvikling. Vi skal systematisk søke ny læring gjennom å våge å utforske det som er vanskeleg å få til. Vi skal heile tida søke eit endå betre arbeidsmiljø.»



Foto: Morten Sivertsen

Verdiane våre

Jæren dps har peika ut tre kjerneverdiar: Vi vil vere respektfulle, opne og modige. Dette er eigenskapar som skal prege oss og gjere oss betre i stand til å nå visjonen.

Litt kjekt, og ikkje heilt tilfeldig, at forbokstavane i dei tre verdiane gir oss ordet «ROM». Det er eit godt ord som gir oss mange positive assosiasjonar. Rom for respekt, for å vere opne, for mot. Rom til å tenke høgt og stort. Hjarterom. Pusterom. Alt som kan romme møtet med den andre.

Vi vil vere respektfulle

Respekt betyr å sjå om igjen. Sjå om igjen for stadig
å forstå meir. Slik at vi kan oppdage kva som er stort
og lite, viktig og uviktig, for dei me møter.

Vi vil vere opne

Vi vil ha eit ope sinn, vere imøtekommende og inkluderande. Det er avgjerande for å bli betre i det vi gjer. Vi vil vere i dialog gjennom å vere lyttande, snakke ærleg og tydeleg.

Vi vil vise mot

Mot kan vere mykje. Mot til å meine, til å seie frå, til
å prøve å gå nye vegar. Men også mot til å vere audmjuke.
Til å akseptere at ingen kan alt og alle kan bli betre i det
dei gjer. Mot er nødvendig i all endring. Som ordtaket seier:
Den som ikkje vågar noko, vinn heller ikkje noko.

N.K.S. Jæren distriktspsykiatriske senter AS
Austbøvegen 16,
4340 Bryne

Telefon: 51 77 69 00
E-post: post@jdps.no
www.jdps.no



Jæren dps